

Sakshandsamar:

Lars Erik Lunde
E-post: lars.erik.lunde@sfj.no
Tlf.: 57638102

Vår ref.

Sak nr.: 15/8194-22
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

1673/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 15.01.2019

Notat**Frå:** Fylkesrådmannen**Til:** Fylkesutvalet, møte 23. januar**Om avtalen med Skipavika Næringspark AS om overdraging av justeringsrett- og plikt (om meirverdiavgift)**

Ved handsaminga av FT-sak 9/17 Avtale om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune gav fylkestinget fylkesrådmannen fullmakt til å inngå avtalar med Skipavika Næringspark.

Skipavika Næringspark har no teke initiativ til å erstatte den avtalen som regulerer korleis dei skal få refusjon for meirverdiavgifta (mva.) knytt til bygging av ny veg til Skipavika. Denne endringa har bakgrunn selskapet si handtering av mva. i prosjektet, noko som medfører at justeringsavtalen kan løysast på ein enklare måte for begge partar.

Fylkesrådmannen er innstilt på å imøtekomme ønskje frå Skipavika Næringspark og ber fylkesutvalet om ev. merknader til dette.

Gjeldande avtale om overdraging av justeringsrett for mva. inneber at Sogn og Fjordane fylkeskommune i samband med overtaking av vegen som fylkesveg også overtar ein justeringsrett for ikkje frådragsført mva.

Overtaking av justeringsretten gir grunnlaget for at fylkeskommunen kan krevje refusjon for 1/10 av mva. beløpet frå Skatteetaten i 10 år framover. Denne mva. refusjonen skal fylkeskommunen etter avtalen betale vidare til Skipavika Næringspark.

Skipavika Næringspark ønskjer no å inngå ein ny avtale med fylkeskommunen som seier at fylkeskommunen overtar ein justeringsforpliktelse i staden for ein justeringsrett for mva. i samband med overføring av vegen til fylkeskommunen.

Ein avtale om justeringsforpliktelse vil gi Skipavika Næringspark grunnlag for frådrag for mva. løpande ved bygging av vegen. Dei vil då unngå å vente i ti år før heile mva.-kostnaden er dekt. Inngåing av ein slik justeringsavtale vil såleis forenkle overføringa av vegretten og vi unngår å måtte følgje opp eit avtaleverk mellom partane over ein 10 års periode.

Det å overta ein justeringsforpliktelse i staden for ein justeringsrett for mva. skal i utgangspunktet ikkje ha økonomisk konsekvensar for fylkeskommunen. Det er då føresett at ein ny avtale inkluderer ei tilsvarende sikring for fylkeskommunen som vi har i gjeldande avtale i høve til urette, mangelfulle eller manglande opplysningar knytt til mva. i dokumentasjonen frå Skipavika næringspark til Skatteetaten.

Konklusjon: Fylkeskommunen inngår ein ny avtale med Skipavika Næringspark om overdraging av justeringsforpliktelse som erstattar gjeldande avtale om overdraging av justeringsrett. Fylkesrådmannen signerer ny avtale på vegner av fylkeskommunen.